


ÅRSPLAN 2021/2022



pixers

SIRLIHAUGEN BARNEHAGE

INNHALDSLISTE

Innleiing	Side 2
Språk og kommunikasjon	side 3
Autoritative vaksne- Sosial kompetanse	side 4
Felles aktivitetar	Side 4
Nasse Nøff	Side 5
Ole Brum	Side 7
Tigergutt	Side 10
Heffalompklubb	Side 13

INNLEIING

Då er vi godt inne i eit nytt barnehage år, og håper alle har funne seg til rette på nye avdelingar, og som ny i barnehagen.

Det som styrer arbeidet vårt, er Lov om barnehagar og rammeplan for barnehagen. Vi har også ein lokal rammeplan for Herøy kommune som vi styrer etter. Ut i frå desse har vi utarbeidd ein verksemdsplan som gjeld det overordna arbeidet i barnehagen, den vert revidert kvart 4.år

Kvart år lagar vi ein felles årsplan på huset, og denne er i lag med verksemdsplanen arbeidsreiskapen til dei vaksne samtidig som det er utgangspunkt for samarbeidet med foreldra. Planen er lagt opp slik at der er ein liten felles del fyrst, og så har kvar avdeling sin del med korleis dei vil jobbe dette året

Relasjonskompetanse, språk og kommunikasjon er satsingsområde denne 4 års perioda,

Vi har eit stabilt personale som har mange års erfaring. Vi trivest godt i lag, og har eit godt arbeidsmiljø noko som eg trur er med på å heve kvaliteten.

Det er viktig for oss at barnehagen er ein god plass å være både for store og små. Alle skal føle seg sett og høyrte, og være ein del av eit fellesskap.

No håper vi på eit kjekt og lærerikt år for alle saman der vi kan leve opp til visjonen vår:

«Sirlihaugen barnehage, ein trygg god start»

Fosnavåg 01.10.2021

Bodil Karin Kvalsund

-dagleg leiar-



SPRÅK OG KOMMUNIKASJON.

I Herøy kommune er det no fokus på språk både i barnehage og skule.

Personalet tek del i eit kompetanseløft (Rekomp) i regi av Herøy kommune og høgskulen i Volda. Vi har i vår problemstilling valt å fokusere på det å auke leseglede til barna. Parallelt med dette vil vi ta tak i det med språkleg deltaking som drivkraft for språkutviklinga. I fjor gjekk vi gjennom ein språkløypepakke som fokuserte på barns språklæring gjennom ulike leseaktiviteter. Vi har valt å dvele litt med dette gjennom hausten, og so starte på pakken som heiter språkkvardag til våren.

Vi ser at det å lese for barna gir stor glede både for store og små. Derfor vil vi slå eit slag for det å lese i heimen. Ei lesestund kan vere gull verdt i ein hektisk kvardag. Det gir felles opplevingar og skaper gode relasjonar. Dess meir barna vert lest for i barnehagealder, dess meir er dei rusta for å lære å lese når den tid kjem.

PULVERHEKSA

I år har vi valt å ha «Pulverheksa» som ein raud tråd gjennom heile året. Pulverheksa rommar ei rekke ulike historie i form av bøker. Pulverheksa bor i eit hus i Pulverskogen saman med katten Hokus og kråka Pokus som ho passar godt på. Ho er den ansvarsfulle og omsorgsfulle vaksne som tek seg av alle. Småtrolla, Suppegjøken og Krokodilla har ho stor omsorg for. Til og med Tyven er ho snill mot – kanskje vert han også snillare av det?

Kvar bok settast som regel i gong av eit problem som Pulverheksa er med på å løyse på ulike vis. Bøkene endar ofte opp i ein fest når problemet er løyst.

Historiene om Pulverheksa gir rom for felles opplevingar, felles referansar til leik, kunst, kreativitet, kultur, musikk, song, språk, drama m.m.

Temaet jobbar vi individuelt med på avdelingane og på tvers av huset.


Det er også eit tema som rommar språk, kommunikasjon, sosial og relasjonskompetanse. På denne måten er det eit ypparleg supplement inn mot både prosjektet vårt og «*Være Sammen*»

MÅL: *Borna skal kunne identifisere seg med de positive haldningane Pulverheksa har til sine omgivelser. Vere ein god venn, inkludere kvarandre , sjå kvarandre sine positive eigenskapar.*

HOVUDMÅL: *- å styrke barnehagens daglege arbeid med barns språklæring gjennom ulike leseaktivitetar og i kvardagssamtalen*

AUTORITATIVE VAKSNE – SOSIAL KOMPETANSE

Sirlihaugen barnehage vil vere prege av vaksne som er autoritative. Det vil seie at vi vil vere varme og tydelege vaksne som set grenser på ein positiv måte, og skaper eit godt miljø. Dette er eit viktig prinsipp i programmet «Være sammen» Dette programmet er ei hjelp i arbeidet med sosial kompetanse. Sosial kompetanse er noko som må lærast og det lærer vi i samspel med andre. Det står meir om det i verksemdsplanen vår.



Felles aktivitetar

Sirlihaugen barnehage består av tre ulike avdelingar, Tigergutt som har dei eldste barna, Ole Brum der dei mellomste barna går og Nasse Nøff der dei aller minste går. Avdelingane må jobbe på ulike måtar fordi behova er forskjellige. Men vi har også eit sterkt ønske om å jobbe for fellesskapet. Vi vil at barna skal kjenne seg trygge på tvers av avdelingane. Vi vil at dei skal få verte kjent med dei andre barna og vaksne «på huset». Vi vil vere med å skape felles opplevingar for alle, og har derfor organisert ulike områder der fellesskap og glede står i fokus:

- **Korøving:**

Kvar tirsdag møtest vi til korøving i amfitrappa vår på kjøkkenet. Klubbarane bakerst og Nasse Nøfferane dansar fremst. Masse songglede og fellesskap på huset. Korøvingane startar 09.30 for dei som har er komen, og varer ca. 15 minutt. Veldig kjekt å høyre korsongen ljome gjennom barnehagen.

- **Fellessamling**


No er det ei stund sidan vi har hatt samlingar på tvers av huset, så no gler vi oss til å kome i gong igjen. Vi kjem til å ha fellessamlingar med utgangspunkt i Pulverheksa ein gong i månaden.

Avdeling Nasse Nøff 0-2 år



Barnehagen sin visjon «Ein trygg god start» er på mange måtar beskrivande for denne avdelinga. Her møter dei alle fleste «Sirlilhaugbarna» barnehagelivet for første gong, og mange førstegongsaktiviteter skjer her. Prosessane er viktige; startane, kjennskapen, utforskinga og kreativiteten.

Men det alle viktigaste på småbarnsavdelinga er å dekke primærbehova til borna. Det å få mat og stell og søvn, og mykje omsorg og kjærleik. Tilvenning og tilknytning er viktig, både i starten av barnehageåret, men også resten av året. Det å vinne tilliten til barna, og å bygge gode relasjonar til dei må jobbast med kontinuerleg. Vi må møte barna der dei er, vere nær og til stades. Vi vaksne skal i hovudsak vere på golvet ilag med barna, for å sjå kvart enkelt barn, oppmuntre, hjelpe og støtte. Vi skal vere tilgjengelege med eit fang til kvile, kos og trøyst.



Trygghetssirkelen illustrerer godt korleis vi vaksne vil skape ei trygg base og hamn for borna. Ei base som dei kan kome til for å «ladde»; få trøyst, hjelp til sjølvregulering og støtte til å utforske verda vidare.

I møte med barna, vil vi i personalet streve etter å vere **autoritative vaksne**. Ein vaksenstil som inneber ein kombinasjon mellom det å vere varme, men også ha tydelege grenser i møte med barna. Dette gjer at barna igjen opplever oss som forutsigbare og trygge.

Dagsrytme

- (06.45)07.15 Barnehagen opnar
- 07.15 – 08.45 Frukost
- 07.15-09.30 Frileik inne, gjerne med spontane samlingsstunder
- 09.30 Samling / aktivitet
- 11.00 Påkledning og uteleik / tur
- 11.00 Bleieskift og Handvask
- 11.15 Lunsj
- 11.45 Legging
- 14.00 Ettermiddagsmåltid
- 16.45 (17.00) Barnehagen stenger



Song og musikk appellerer godt til dei aller fleste barn, og dette er noko vi set høgt på Nasse Nøff, både i spontane og planlagde songstunder og på kor. Barna gynger og dansar med, kjenner igjen songar, gjer bevegelsar med hendene og syng etter kvart med.

Mål:

- **Bli kjent med, og kjenne igjen enkle barnesongar.**
- **Oppleve glede og fellesskap i song og dans.**
- **Introdusere og bruke enkle rytmeinstrument i leik og samlingar.**

Eksperimentering med maling og ulike formingsaktiviteter, leik med vatn og enkle hinderløyper er aktivitetar som vi har stor glede av på Nasse Nøff. Ikkje for å prestere noko, skape eit produkt eller vere så flink, men for å utforske og prøve og øve.

Mål:

- ***Barna skal få erfaring med ulike formingsmateriell. I hovudsak maling, men også lim og papir og stoff.***
- ***Barna skal få erfaring med og ikkje minst glede av vannleik og såpebobler.***
- ***Barna skal få utforske og oppleve meistring i ulike fysiske aktivitetar – som enkelt ulendt terreng, gymsal, enkle hinderløyper og leikeapparata ute.***

Sosial kompetanse er eit gjennomgåande tema også på Nasse Nøff. Her vil vi vere med å legge grunnlaget og gi barna ei gryande forståing av kva sosial kompetanse er. Vi vil oppmuntre barna til empati - å vere gode med kvarandre, trøyste, dele og hjelpe kvarandre. Vi vil også sette fokus på dei ulike kjenslene sint, lei seg, glad, overraska og redd. Vi vil rose og applaudere barna ved gode gjerningar og oppmuntre til godheit og hjelpsomheit i konfliktsituasjonar, samt vere gode rollemodellar sjølve. Vi skal også bruke deler av Være Sammen. Vi skal verte kjent med Regnbueløva som vil at alle skal ha det bra, og som oppmuntrar oss til å dele og hjelpe. Vi skal nytte oss av bøkene som går på følelsar og ikkje minst bruke songane frå opplegget. Spesielt «Løvelova» og «Når jeg er glad».

Mål:

- ***Vi skal verte kjent med Regnbueløva.***
- ***Vi vaksne skal vere gode rollemodellar for borna, i det å vise og snakke om det å vere gode med kvarandre.***

Ei god **språkutvikling** er viktig for barn både på kort og lang sikt. Språk er avgjerande for læring, kommunikasjon og sosiale relasjonar. Borna kommuniserer med lyder, blick og kroppsspråk, og det er viktig at vi kan bekrefte og sette ord på det dei erfarer. Vi vaksne skal inspirere og vere bevisste på vår rolle. Det blir viktig å sette ord på handlingane i rutinesituasjonane, bruke bilde og bøker til inspirasjon og samtaler, syngje og bruke rim og regler. Vi skal også fortsette med lesegrupper, eit prosjekt vi hadde stor suksess med i fjor.

Mål:

Vi vaksne vil skape eit godt språkmiljø for borna.

Temaet gjennom dette året blir «Pulverheksa», ilag med resten av barnehagen. Vi vil lese og dramatisere, styrke fellesskapskjensla, oppleve humor og glede ilag og bruke det som eit hjelpemiddel til sosial kompetanse, med særskilt vekt på følelsar. Og sjølv sagt vil språkbiten ha ei sentral rolle. Barnegruppa på Nasse Nøff består av eitt- og toåringar, og dei har ulike behov. Dei eldste treng andre utfordringar og har glede av andre aktivitetar enn eittåringane. Derfor vil det til tider verte opplegg som er berekna på dei eldste borna, gjerne leikegrupper av ulike slag.

2019-borna kjem også til å ha faste besøksdagar på Ole Brum for å vere ilag med 2019- borna der, og for å verte kjent på avdelinga.

Vi gler oss til eit nytt barnehageår ilag!

Avdeling Ole Brum 2-3 år



På Ole Brum er vi 14 barn denne hausten. 10 av barna er fødte i 2018 og 4 er fødte i 2019. Saman med denne herlege gjengen er vi fem vaksne.

DAGSRYTME

- Kl.07.15(06.45) Barnehagen opnar
- Kl.07.15-08.45 Frukost
- Kl.07.15-09.15 Vi leiker
- Kl.9.15: Ryddetid og samling
- Kl.9.30: Vi går ut/Aktivitetar
- Kl.11.00: Bleieskift/toalett
- Kl.11.15: Lunsj
- Kl.12.00: Dei som søv legg seg og dei andre har kvilestund
- Kl.13.50: Bleieskift/toalettbesøk
- Kl.14.00: Ettermiddagsmåltid
- Kl.14.30- Leik, utetid og henting
- Kl.16.45 (17.00) Barnehagen stenger

Vi er opptatt av at barna skal få kjenne på at dei kan være sjølvstendige. Vi legg til rette for potte / do trening (spør oss gjerne om råd), og at barna skal kjenne på meistringsfølelse under måltid og påkledning. Om vi skal oppnå dette krevjast det vaksne som er til stades og som kan gje ei hjelpande hand når det trengs. Vi øver også på å dele, rydde og å hjelpe kvarandre.

LEIK

Leiken er noko av det viktigaste i barnehagen. Leik og læring går hand i hand, og vi er opptatt av å legge til rette for god leik. Leiken har sin eigen verdi og den kan skape trivsel og fremje venskap.

Rammeplanen for barnehagen, som er vår «rettesnor», seier mykje om leik og korleis vi skal legge til rette for den i barnehagen. Vi skal ivareta barnas behov for leik og vi skal la leiken få ein sentral plass i barnehagen. Leiken skal være ein arena for utvikling, læring og sosial og språkleg samhandling. Vi skal organisere rom, tid og det som barna har til rådighet slik at vi inspirera til ulike typar leik. Det er viktig at vi fremjar eit miljø der alle barn kan delta i leiken og få erfare glede. Vi er opptatt av at dei vaksne skal være der barna er, på golvet, slik at vi heile tida kan hjelpe om det trengst. Når vi er til stades i barnas leik kan vi også delta i leiken og gjere den meir verdifull på barnas premissar. Vi kan tilføre leikemateriale, føre leiken vidare eller støtte om det oppstår ueinigheiter.

Mål :

- *Dei vaksne skal legge til rette for variert leik både ute og inne.*
- *Dei vaksne skal være til stades i barnas leik, slik at dei kan føre leiken vidare og støtte om det oppstår ueinigheiter.*



SPRÅK OG «Språkløyper»

Vi på Ole Brum er opptekne av korleis språk påverkar alle sider ved barnet si utvikling. Vi vil derfor legge vekt på at vi skal ha god språkstimulering i løpet av barnehagekvardagen. Dette gjer vi ved å ha aktivitetar som fremjar kommunikasjon og språkutvikling. Dette kan være dei gode, opne, samtalene med ein vaksen eller andre barn, bøker og den viktige leiken. Vi i barnehagens skal også anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk. For å oppnå dette skal vi gjennom året fortsette på kompetanseutviklingsarbeid som heiter «Språkløype» (sjå ein annan plass i årsplanen for meir informasjon). Eit slikt kompetanseutviklingsarbeid vil halde oss oppdatert kring språk og leseutvikling.

Mål:

- *Dei vaksne skal være gode språklege rollemodellar*
- *Vi legg til rette for aktivitetar der alle barna får bruke språket sitt*
- *Vi skal arbeide bevisst med lesing på avdelinga*
- *Vi skal oppmode foreldre til å lese meir for borna sine.*

SOSIAL KOMPETANSE - «VÆRE SAMMEN»

Også i år opplegget frå «Være sammen» være ein del av temaet på Ole Brum. (Sjå verksemdsplanen) Det har fokus på sosial kompetanse, spesielt blant barn som slit med «sterke følelsar». Korleis kan vi vaksne møte barn som er innadvendte, og dei som er utagerande på ein betre måte i barnehagen. Sosial kompetanse er noko vi arbeider kontinuerleg gjennom året. Vi vil oppmuntre borna til å vise empati og å vere gode med kvarandre, trøyste, dele og hjelpe kvarandre. Vi vil også sette fokus på dei ulike kjenslene sint, lei seg, glad, overraska og redd. Vi vil rose borna ved gode gjerningar og oppmuntre til godheit og hjelpsomheit i konfliktsituasjonar, samt vere gode rollemodellar sjølve. Vi skal også i løpet av barnehageåret verte kjent med Regnbueløva som vil at alle skal ha det bra, og som oppmuntrar oss til å dele og hjelpe. Vi skal nytte oss av bøkene som går på følelsar og ikkje minst bruke songane frå opplegget.

Mål:

- *Borna skal få rettleiing og oppmuntring til å sette ord på følelsar.*
- *Personalet skal legge til rette for glede og meistring i kvardagen.*
- *Personalet skal strebe etter å være autoritative vaksne.*
- *Vi skal lytte til songane som er ein del av «Være sammen». Songane skal gi rom for samtale og songglede.*
- *«Være sammen» har bøker om følelsar. Disse skal vi nytte i samlingsstunder og kvardagssituasjonar etter kvart som barnehageåret skrid fram.*

ÅRSTIDENE

Vi vil saman undre oss over årstidene haust, vinter, vår og sommar dette barnehageåret. På dagtavla vår snakkar vi om dagar, vær og årstid, tavla er med oss kvar dag ved samlingsstund. Vi har formingsaktivitetar som passar til årstida og syng songar som handlar om årstidene og det som er spesielt med dei.

Mål:

- *Vi lærer barna å få ei gryande forståing for årstider.*
- *Vi syng songar og har formingsaktivitetar med fokus på årstidene.*

PULVERHEKSA

I år vil vi ha bøkene om «Pulverheksa» som eit felles tema i heile barnehagen. Det å ha felles tema styrkar band mellom borna på tvers av avdelingane, dei får ei felles leikeramme som dei saman kan bygge leiken vidare på.

Vi vil synge songar frå bøkene, lese, ha samlingar og fellessamlingar i lag med dei andre avdelingane. Pulverheksa omhandlar fleire bøker, vi vil forenkla og introdusere Pulverheksa sin tematikk ved hjelp av konkretar og dramatisering. Ved å lese for borna skaper vi kjensle av å høyre saman og gode opplevingar mellom born og vaksen, dette håpa vi resulterer i mange leikestunder og morosame opplevingar saman med borna.

Samlingsstunder:

Dei fleste dagane i veka har vi samlingsstund på avdelinga. No på hausten har vi lagt samlinga til rundt kl.9.15 for å få meir utetid (Nokre dagar kan det verte før, eller seinare, alt etter kva vi elles har på programmet). Vi kjem til å bruke dagtavla vår aktivt. Vi vil også synge saman og fortelje korte fortellingar samt lese bøker. Det er herleg å sjå gleda og innlevinga barna har i både songar og fortellingar. Bursdagar vert feira med ei eiga samling der bursdagsbarnet er i fokus. Krona kjem på hovudet og dagens middag er bestilt av jubilanten. Vi syng bursdagssong, skyt opp «rakettar», fortel ei lita historie, mm.

Gruppedeling:

Vi er opptatt av at vi skal dele barna inn i mindre grupper når dette kan late seg gjere. Dette gjer vi fordi det kan være lettare å bygge gode relasjonar i mindre grupper, og det gir meir ro i barnegruppa. Mindre grupper gir også leiken betre grobott, og det gir barna ro til å fordjupe seg i det dei held på med. Det er viktig at dei vaksne er til stades i leiken, hjelper barna inn i leik med andre og utvidar leiken saman med barna. Vi vil også etter kvart dele inn i mindre grupper når vi går tur. Vi går korte og lengre turar i barnehagens nærrområde, nokre gongar med vogn og nokre gongar på føtene. Vi vaksne er parat med ein hand å halde i, oppmuntring eller trøyst om det trengst. Vi legg også vekt på at det skal være nok vaksne til stades slik at vi har god tid til å undre oss over det vi møter på vår veg.

Heffalomptoppen:

Vi har høve til å bruke Heffalomptoppen. Her kan vi være ute, eller bruke hyttene om vi har lyst til det. Her ligg det verkeleg til rette for å trene både grov og finmotorikk. Dette er ein plass som barna yndar å være. Vi kan leike med vatn, gå på oppdagingsferd eller berre sitje på trappa å nyte utsikta. På Heffalomptoppen har vi ikkje dei vanlege leikene, her får barna bruke fantasien og råmateriale. Dette er ein annan type læringsmetode og stimuli for borna som er særskilt viktig.



Tigergutt 3-6 år

På Tigergutt er vi til saman 22 barn. Det er 7 som er fødte i 2018, 10 fødte i 2017 og 5 fødte i 2016.

Vi har ein fin gjeng på Tigergutt, og det ser ut som alle barna har funne sine plassar i gruppa no. Det er mykje fin og god lek, og rolleleiken er i full blomstring. Å leike er noko av det barna er aller best på. Dei går inn og ut av nye roller, og dei får ut masse energi. Dei må også forhalde seg til menneska dei har rundt seg. Dei får då utvikle tette venskap og vi legg til rette for god sosial utvikling.

Vi kjem til å dele gruppa kvar dag der ei gruppe som oftast er ute, og den andre er inne. Delingane vil skje på føremiddag, og nokre gongar på ettermiddag. To av dagane i veka er barna delte i grupper kalla klubbarar og spira/småspira. Dei andre tre dagane er vi aldersblanda. Desse gruppene kallar vi Hokus og Pokus. Vi kjem til å nytte avdelinga, kjøkkenet, ute og hytta på toppen for å fordele oss utover. Vi har gode erfaringar med slike delingar. Vi kjem nærmare kvarandre både store og små, leiken vert ofte god og nye relasjonar vert knytte på tvers av alder. Vi gler oss til eit gøy og spennande år ilag!



Vekerytme:

- Måndag:** Delte grupper Hokus/Pokus
- Tysdag:** : : Klubbarane har skuleførebuande aktivitetar, lesegrupper
Spirane/småspirane (Tur, Heffalomptoppen, uteleik, osv)
- Onsdag :** Delte grupper Hokus/Pokus
Førskulebading (to gongar pr.mnd)
- Torsdag:** Klubb og Spirane/småspirane.
Klubbarane er ute (eigen plan)
Spirane/småspirane er inne (Tema/Lesegrupper)
- Fredag:** Delte grupper Hokus/Pokus

Dagsrytme:

- (06.45)07.15 Barnehagen opnar
- 07.15 – 08.45 Frukost
- 07.15-09.30 Frileik
- 09.30 Frileik / Aktivitet/ Tur/ Samling
- 11.15 – 12.00 Handvask /Toalett/ Påkledning
- 12.15 - Uteleik
- 14.30 Ettermiddagsmåltid
- 16.45 (17.00) Barnehagen stenger

TEMA: Sosial kompetanse

Sosial kompetanse er også i år det overordna temaet vårt, og det er felles for heile barnehagen. Sosial kompetanse er eit satsingsområde for barnehagen og avdelinga. Dette er noko vi jobbar med i kvardagen, og også gjennom temaarbeid og samlingar. Då er målet at alle skal føle seg sett i gruppa, at vi alle er ein del av eit fellesskap og at vi må respektere kvarandre på trass av skilnadar. Det er viktig at vi som vaksne er gode rollemodellar overfor barna og kvarandre. Gjennom gruppedeling er det enklare for barna å skape tettare band og knyte vennskap. I små grupper er det og meir rom for at dei vaksne kan observere og hjelpe barna i leik og konflikhtar. Vi jobbar for å førebygge mobbing og utestenging, og fremje vennskap og deltaking gjennom å legge til rette for den gode leiken. Vi ønskjer å vere ei støtte for barna og gi dei ei god sosial kompetanse som kan vere til nytte no og i framtida.

Mål:

- *Alle skal føle seg sett i gruppa*
- *At alle skal føle seg som ein del av fellesskapet*
- *At vi skal kunne respektere kvarandre på trass av skilnadar*

Metoder:

PULVERHEKSA - Sjå meir i felles del

SAMLINGAR: Her les/fortel vi historier om Pulverheksa, vi bruker musikken og dramatiserar både med tingteater og oss sjølve. Vi blir kjent med dei ulike karakterane i bøkene.

LEIK OG KVARDAGSSITUASJONAR: Drage parallellar frå bøkene til ulike situasjonar som oppstår mellom barna.


SONG OG MUSIKK: Synge, lytte og bruke musikken til bøkene. Bruke rim og regler som passar.

VÆRE SAMMEN– Sjå meir i felles del og verksemdsplanen

SAMLINGAR: Vi vil nytte små, enkle bøker med tema som barna kjenner seg igjen i. Det kan vere tema som «Jeg kan være trist og lei» eller «Det er fint å være venner», osv. I etterkant kan vi prate og bearbeide erfaringar og følelsar rundt temaet vi har lest. Barna kjenner seg ofte igjen i desse temaene. Lese «Regnbueløvens fantastiske brøl til dei største.

SONG OG MUSIKK: Synge, lytte og bruke musikken til bøkene. Songane gjenspeglar og forsterkar ofte temaet vi har lest om.

REGNBUELØVA: Den skal få vere med oss i leiken, på tur og elles i det som skjer i barnehagen. Den symboliserer dei gode tinga, og kan vere med å rette eit positivt fokus i ulike situasjonar i både leiken og kvardags situasjonar.



Årstider

I år vil vi også fokusere på årstidene og kva som skjer med naturen og omgivelsane gjennom alle dei fire årstidene. Vi vil at barna skal få sjå og oppleve dei kva som skjer i løpet av eit år. Vi vil fylje med og sjå korleis ting endrar seg. Kva skjer med trea og blomstrane gjennom årstidene? Kva insekt og krypdyr finn vi i skogen når våren kjem?

Mål:

- *At barna kan namnet på dagane når året er slutt*
- *Lære barna kva som kjenneteiknar dei ulike årstidene*


Språk/lesing

Det er viktig å ha eit variert og godt språkmiljø som gir barna rikeleg med mulegheiter for aktiv bruk av språket. Gjennom språket har barn mulegheit til å påvirke sine omgiversar og vere ein del av eit fellesskap. Vi vil prøve å legge til rette for gode språklege arenaer gjennom språkleik både i stor og lita gruppe.

Vi delar borna inn i små lesegrupper, og les bøker tilpassa dei ulike gruppene. Vi vil sjå på bilda i boka ilag, lese litt, undre oss saman og prate om det vi ser.

Mål:

- *Barna skal bli sett og høyrte,*
- *Barna skal få tid og rom til å delta i ein samtale,*
- *Barna skal få bruke språket aktivt.*



HEFFALOMPKLUBB



Heffalompklubb er eit førskuletilbod vi har for 5 åringane her i Sirlihaugen barnehage. Her ynskjer vi å førebu barna på skulegang gjennom leik og læring . Det er ein god arena å øve seg på å verte litt meir sjølvstendig, og lære å ta omsyn til andre rundt seg. Samtidig er dette eit tilbod barna ser fram til gjennom heile barnehagetida.

I år fell Heffalompklubb på dagane tirsdag og torsdag. Tirsdag brukar vi dagen på leikprega læring og er innom fagområde som *kommunikasjon, språk og tekst* samt *Mengd, rom og form*. Samtidig som vi ønskjer at læringa skal vere leikprega har vi og eit fokus på å lære å ta enkle beskjedar. Vi jobbar med ulike oppgåver for ei kort periode, og vi trenar på høgtlesing utan bilete. Aktivitetane tirsdag finn som regel stad inne på avdelinga. Torsdagane startar vi med eit morgonmøte, der vi går gjennom det som skal skje på klubbdagen. Vi vel også to minisjefar. Dei får vere med på alt frå å gå fremst på tur og lage bål, til å passe på at reglar blir følgde. Vi held enten til på Heffalomptoppen eller går på tur. Målet vårt er at dagen og turane skal gi borna gode og spennande felles opplevingar. Vi ønskjer at dei skal oppleve glede ved å ferdast ute og opparbeide seg sosial kompetanse gjennom samarbeid med dei andre på gruppa. Vi jobbar også med å verte meir sjølvstendige utover året. Ofte lagar vi lunsj på bålet, då oppmodar vi alle til å smake på/ete ulik mat.

To onsdagar i månaden blir det bading for førskulegruppa. Det er Sunnmørsbadet som står for symjeopplæringa.

RUSSEFEIRING

Rosarussefeiringa er som regel høgdepunktet i løpet av året for dei fleste klubbarane. Dette blir ei markering på at dei er størst i barnehagen. Kjekke aktivitetar høyrer med, som for eksempel : russeturar, overnatting i barnehagen , russehue, russekort, russerop og russestrekar. Det er berre å gle seg. Vi håpar at store og små skal få eit kjempekjekt år ilag ☺

Dagsrytma vår på torsdag ser omtrent slik ut:

- 9.30 Morgenmøte
- 9.45 Vi kler på oss og går ut
- 10.00 På toppen eller på tur
- Aktivitetar
- Samling
- Eksperiment
- 14.00 Hemmelegheit på Heffalomptoppen før vi går ned igjen.

Nokre av aktivitetane vi skal i løpet av året:

- Turar i fjøra, på fjellet og i skogen.
- Båttur med krabbefiske.
- Lære om naturen, miljøvern, årstider, insekt og frukt.
- Vikingtida
- Eksperiment
- Verdensromet
- Russetid